

# RAPPORT 2013

Postboks 8034, NO-4068 Stavanger  
Besøksadresse:  
Rogaland Kunnskapspark  
Prof. Olav Hanssens vei 11

Telefon: +47 51 54 51 00  
Telefaks: +47 51 54 51 03  
E-post: rogaland@innovasjon norge.no  
Internett: www.innovasjon norge.no      Org. nr. NO 986 399 445 MVA

Til: Fylkesmannen i Rogaland, Landbruksavdelinga  
Frå: Innovasjon Noreg Rogaland  
Kopi: Styret i Innovasjon Noreg Rogaland og Rogaland fylkeskommune  
Dato: 13.02.2014

## RAPPORT OM BRUK AV BEDRIFTSRETTA BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR FORVALTA AV INNOVASJON NOREG ROGALAND FOR 2013

### 1. BAKGRUNN

Brev av 04.03.2013 frå Fylkesmannen i Rogaland om "Forvaltning av regionale BU-midlar 2013" føreskriv at det skal rapporterast om bruk av BU-midlane og effekten av dei tiltaka som har fått støtte. Rapporteringa skal basere seg på Innovasjon Norge sitt ordinære mål- og resultatstyringssystem.

Innovasjon Noreg Rogaland si låneramme for rentestøtte vart høgare for 2013 enn tildelinga ved starten av 2013 grunna overføring mellom fylka og overføring av ubrukt ramme frå 2012. Likeeins er også den totale ramma for tilskot for 2013 høgare enn tildelinga ved starten av året, ut frå at vi overførte ubrukt ramme frå 2012. 2013 vart eit godt år der vi fekk brukt opp alle investeringstilskot og rentestøtte.

### 2. BUDSJETT OG LØYVING AV BEDRIFTSRETTA BU-MIDLAR 2013 - FORDELING TRADISJONELT JORD- OG HAGEBRUK OG BYGDENÆRINGAR

Tilskot for enkeltverksemder var for 2013 kr 40,9 mill. Vi løyvde alt. Investeringsbehovet i landbruksfylket Rogaland er stort og 2013 viser at det er investeringsvilje blant bøndene i Rogaland.

Tabell 1. Status bruk av bedriftsretta BU-midlar i Rogaland 2013

	Ramme	Inndrege	Løyvd	Rest	Disponert %
Tilskot	39 435 610	1 523 101	40 870 500	88 211	99,8 %
Lånegrunnlag rentestøtte	84 810 000	1 750 000	86 550 000	10 000	100 %

Den regionale partnerskapen ved Fylkesmannen i Rogaland, Rogaland fylkeskommune og Innovasjon Noreg har vore opptekne av å sikre kontinuitet i satsinga på bygdenæringar. I denne fordelinga er det lagt til grunn at om lag 75 % av tilskotsmidlane og minst 85% av rentestøtta skal gå til utvikling av det tradisjonelle jordbruk.

Av tabell 2 går det fram at prosjekt innafor bygdenæringar har fått løyvd 19 % av tilskottet og berre 5% av ramma for rentestøtte. Innan bydenæringar er det mange etablererstipend og relativ få investeringsprosjekt. Dette er årsaken til at det er lite rentestøtte til bygdenæringar.

Tabell 2. Bedriftsretta BU-midlar 2013 delt mellom tradisjonelt landbruk og bygdenæringar

	Ramme	Inndrege	Overført	Løyvd	Rest	Forbruk av total
<b>Tilskot</b>						
Trad. Landbruk	32 381 750	682 000		33 063 750	66 158	80,9 %
Bygdenæringar	7 053 860	841 101		7 806 750	22 053	19,1 %
<b>Sum</b>	<b>39 435 610</b>	<b>1 523 101</b>		<b>40 870 500</b>	<b>88 211</b>	
<b>Lånegrnlag rentestøtte</b>						
Trad. Landbruk	72 088 500	1 750 000		82 250 000	10 000	95 %
Bygdenæringar	12 721 500	0		4 300 000	0	5 %
<b>Sum</b>	<b>84 810 000</b>	<b>1 750 000</b>		<b>86 550 000</b>	<b>10 000</b>	

### 3. FORDELING AV BU-MIDLANE MELLOM REGIONAR OG KOMMUNAR

Den regionale partnerskapen har lagt til grunn ei fordeling av BU-midlane mellom sentrale område (Jæren) og distrikta i fylket (Dalane, Ryfylke og Haugalandet); 70% av BU-midlane skal nyttast utanom dei sentrale områda på Jæren.

Som det går fram av tabell 3 er dette ikkje helt oppnådd verken for tilskot eller rentestøtte, der Jæren har fått løyvd om lag 40% av midlene.

Tabell 3. Løyving av BU-midlar 2013 delt mellom Jæren og utanom Jæren

	Jæren	Utanom Jæren	Sum	% utanom Jæren
Tilskot	16 647 750	23 742 750	40 390 500	59 %
Lånegrnlag til rentestøtte	35 000 000	51 550 000	86 550 000	60 %

Når det gjeld fordeling av BU-midlar mellom dei 4 regionane i fylket, se tabell 4, kjem Jæren best ut, dernest Ryfylke og til sist Haugalandet og Dalane. Prosjekta på Jæren har fått løyvd mest rentestøtte. Dette fordi det her er fleire store kostnadskrevjande prosjekt som utløyser rentestøtte. Mellom kommunane, se tabell 5, syner denne at særlig distriktskommunane Vindafjord, Bjerkreim og Hjelmeland har fått ein stor del. På Jæren er det særlig Hå, Klepp og Sandnes som har gjort seg gjeldande.

Tabell 4. Løyving av BU-midlar 2013 mellom regionane i fylket og kommuneovergripande

Kommune	Løyvd tilskot	Tal Søknader	Løyvd Rentestøtte	Tal Søknader
<b>Sum Jæren</b>	<b>16 647 750</b>	<b>47</b>	<b>35 000 000</b>	<b>22</b>
<b>Sum Haugalandet</b>	<b>6 719 000</b>	<b>29</b>	<b>11 100 000</b>	<b>5</b>
<b>Sum Ryfylke</b>	<b>10 030 000</b>	<b>29</b>	<b>12 400 000</b>	<b>9</b>
<b>Sum Dalane</b>	<b>6 000 000</b>	<b>13</b>	<b>11 500 000</b>	<b>5</b>
<b>Rogaland</b>	<b>993 750</b>	<b>6</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum Rogaland</b>	<b>40 390 500</b>	<b>124</b>	<b>86 550 000</b>	<b>41</b>

Tabell 5. Fordeling av BU-midler 2013 mellom kommunane i fylket

Kommune	Løyvd tilskot	Tal Søknader	Løyvd Rentestøtte	Tal Søknader
<b>Jæren</b>				
1103 Stavanger	765 000	4		
1102 Sandnes	2 985 000	8	6 000 000	3
1119 Hå	5 010 000	15	17 600 000	8
1120 Klepp	3 616 750	10	12 000 000	4
1121 Time	1 276 000	4	5 100 000	2
1122 Gjesdal	1 095 000	4	1 850 000	2
1124 Sola	1 150 000	2	5 500 000	2
1127 Randaberg	750 000	1	3 500 000	1
<b>Sum Jæren</b>	<b>16 647 750</b>	<b>48</b>	<b>51 550 000</b>	<b>22</b>
<b>Haugalandet</b>				
1106 Haugesund	80 000	1		
1145 Bokn	250 000	1		
1146 Tysvær	945 000	5	2 300 000	2
1149 Karmøy	205 000	3		
1160 Vindafjord	5 239 000	20	8 800 000	3
<b>Sum Haugaland</b>	<b>6 719 000</b>	<b>28</b>	<b>11 100 000</b>	<b>5</b>
<b>Ryfylke</b>				
1129 Forsand	1 060 000	3		
1130 Strand	1 215 000	2	3 570 000	2
1133 Hjelmeland	3 000 000	7	2 500 000	2
1134 Suldal	2 070 000	5	2 830 000	2
1141 Finnøy	1 540 000	7	2 000 000	2
1142 Rennesøy	1 145 000	5	1 500 000	1
<b>Sum Ryfylke</b>	<b>10 030 000</b>	<b>34</b>	<b>12 400 000</b>	<b>9</b>
<b>Dalane</b>				
1101 Eigersund	1 630 000	4	1 200 000	1
1111 Sokndal	450 000	1		
1114 Bjerkreim	3 920 000	8	10 300 000	4
<b>Sum Dalane</b>	<b>6 000 000</b>	<b>12</b>	<b>11 500 000</b>	<b>5</b>
1100 Rogaland	993 750	6		
<b>Sum</b>	<b>40 390 500</b>	<b>128</b>	<b>86 550 000</b>	<b>41</b>

#### 4. SØKNAD OG LØYVING AV BU-MIDLAR 2013 – FORDELT PR. VIRKEMIDDEL

Streng prioritering mellom søknader har blitt praktisert i tråd med føringane for bruken av BU-midlane. I møte med kundar og kommunar med fleire, vert det klart kommunisert kva type prosjekt som er prioritert. Til tross for dette må eit visst tal søknader avslåast.

I tabell 6 er og midler til trebasert innovasjonsprogram, lokalmat og grønt reiseliv samt treprogrammet tatt med.

Tabell 6. BU-midler tilskot og rentestøtte 2013 fordelt på ulike verkemidler og tal løyvingar

Budsjettpost	Virkemiddeltype	Virkemiddelkode	Tildelingsnivå			
			Lokalt		Nasjonalt	
			Innvilget	Antall	Innvilget	Antall
LMD 1150.50 BU-midler	Tilskudd sentralt	001 - Prosjekter/programmer			1 500 000	1
					1 500 000	1
LMD 1149.72 Trebasert innovasjonsprogram	Tilskudd	1037 - Trebasert innovasjonsprogram 2013			3 847 000	7
					3 847 000	7
LMD 1150.50 BU-midler	Tilskudd fylkesvis	002 - Etablererstipend, utviklingsfasen	191 750	7		
		003 - Etablererstipend, etableringsfasen	735 000	8		
		006 - Bedriftsutviklingstilskudd	2 285 000	10		
		008 - Tilskudd ved generasjonsskifte, tradisjonelt jord- og hagebruk	3 410 000	18		
		010 - Tilskudd ved generasjonsskifte, tilleggsnæring	350 000	2		
		019 - Annet, tilleggsnæring	1 025 000	4		
		020 - Annet, tradisjonelt jord- og hagebruk	768 750	5		
		021 - Investeringstilskudd til tradisjonelt jord- og hagebruk	28 405 000	61		
		023 - Investeringstilskudd til tilleggsnæring	3 220 000	9		
			40 390 500	124		
LMD 1150.50 BU-midler Bioenergi	Tilskudd fylkesvis	1026 - Fylkesvise BU-midler Bioenergi	322 000	3		
			322 000	3		
LMD 1150.50 Utviklingsprogram for lokalmat og grønt reiseliv	Tilskudd	1023 - Vekstordning			550 000	1
		1024 - Forpliktende produsentsamenslutninger			150 000	1
		1025 - Utviklingsprogram for lokalmat og grønt reiseliv ellers			2 340 000	2
					3 040 000	4
FKD 2415.75 Marint verdiskapingsprogram	Tilskudd	922 - Marint innovasjonsprogram			100 000	1
					100 000	1
LMD 1150.50 BU-midler	Lånebeløp for rentestøtte	027 - Lånebeløp for rentestøtte tilleggsnæring, ny	4 300 000	3		
		028 - Lånebeløp for rentestøtte tradisjonelt jord- og hagebruk, ny	82 250 000	38		
			86 550 000	41		
Diverse tilskudd	Tilskudd	953 - Treprogrammet			350 000	1
					350 000	1

## 5. BRUK AV BU-MIDLAR I HØVE TIL STRATEGI FOR LANDBRUKSBASERT NÆRINGSUTVIKLING I ROGALAND 2013

I strategien er det vald ut 7 ulike strategiområder for landbruksbasert næringsutvikling i fylket som BU-midlane skal løyvast i høve til, jf. tabell 7.

Oversikta syner at hovudparten av BU-midlane (84% av tilskot og 93% av rentestøtte) har gått til mat-området.

Tabell 7. Løyving av BU-midlar 2013 i høve til strategiområde

Strategiområde	Tilskot		Rentestøtte	
	Løyvd, kr.	Tal løyvingar	Løyvd, kr.	Tal løyvingar
4.1. Mat	34 461 750	98	83 750 000	39
4.2 Økologisk	165 000	2	0	0
4.4 Trevirke	620 000	3	0	0
4.5 Bygdebasert reiseliv og opplevingsproduksjon	1 605 000	6	2 800 000	2
4.6 Inn på tunet	245 000	4	0	0
4.7 Andre produksjonar: pelsdyr, kraftverk, juletre, hest	3 293 750	11	2 000 000	0
<b>SUM</b>	<b>40 390 500</b>	<b>124</b>	<b>86 550 000</b>	<b>41</b>

### 5.1. Tradisjonelt jord- og hagebruk

Innafor tradisjonelt jord- og hagebruk prioriterer strategien grovfôrproduksjonar m.a. av omsyn til kulturlandskapet. Tabell 8 syner fordelinga av saker mellom regionane for dei store grovfôrproduksjonane og veksthus. Det må understrekast at det er usikkerheit knyta til registreringane i denne statistikken, så det vert eit anslag på utvikling.

Tabell 8. Fordeling av løyvde saker innan tradisjonelt jord- og hagebruk mellom utvalde produksjonar for regionane Jæren og Dalane, Ryfylke og Haugalandet 2007-2011

	Type sak	Vekst-hus	Mjølkeku / ammeku	Okse/ungdyr	Sau	Sum	
Jæren	Tal saker i år:						
	2013	0	21	2	5	28	
	2012	0	10	0	5	27	
	2011	1	16	1	3	23	
	2010	0	18	2	2	26	
	2009	1	18	2	5	33	
	2008	0	15	2	6	25	
	2007	0	16	2	0	24	
	Dyre plassar i år:						
	2013			902	106	974	
	2012			523	0	806	
	2011			825	84	424	
	2010			863	67	320	
	2009			910	58	0	
2008			710	118	1.095		
2007			1.010	90	0		
Dalane Ryfylke Haugalandet	Type sak	Vekst-hus	Mjølkeku/ ammeku	Okse/ ungdyr	Sau		
	Tal saker i år:						
	2013	2	15	0	22	39	
	2012	1	24	1	28	58	
	2011	1	20	7	22	55	
	2010	0	12	2	16	32	
	2009	1	26	7	18	56	
	2008	5	17	2	20	50	
	2007	2	12	7	26	67	
	Dyre plassar i år:						
	2012		464	0	3.430		
	2011		651	75	4.181		
	2010		622	307	3.830		
	2010		538	133	2.804		
	2009		1 068	312	3.252		
	2008		822	125	3.305		
	2007		578	516	5.541		

Tal dyre plassar er inkludert eventuell eksisterande plassar ved oppgradering av eksisterande bygningar.

Tabell 8 viser at tal saker på Jæren har gått noko opp, medan det for distriktet har gått ned når det gjeld mjølkekyr. Det same gjeld for sau.

### 5.2. Bygdenæringar

Innafor bygdenæringane har det primært vært gitt etablerertilskudd og bedriftsutviklingstilskudd. Det var 9 saker med investeringstilskudd til bygdenæringar. Dette var innan tomat, foredling av mat og ulike tenester knytt til mat og planteproduksjon.

## 6. ANDRE UTVIKLINGSTRENDAR

### 6.1. Sysselsetting i distrikt med særlege sysselsettingsvanskar

Distrikta gis særleg prioritet ved løyving av BU-midlar. I Rogaland er 9 av 26 kommunar definert som distriktskommunar i sone III og IV. I Rogaland er dette for sone III kommunane Finnøy, Hjelmeland, Kvitsøy, Lund, Sokndal, Suldal og Vindafjord, medan det i sone IV er kommunane Sauda og Utsira.

Tabell 10 syner at løyving av BU-midlar til det distriktpolitiske virkeområde utgjorde 23% i 2013. Dette er ein reduksjon frå året før. Tiltak med eigne satsingar i distrikt var gjeldende i de to foregåande år og det synes å ha sin effekt. Dette året har det vert mest satsing på de tradisjonelle produksjonene mjølk og kjøtt.

Tabell 10. Løyving av BU-midlar til kommunar i distriktpolitisk virkeområde

Rogaland	Løyving totalt BU-midlar	Løyving kommunar sone III OG IV	Kommunar i sone III og IV i % av total løyving
2013	127.420.500	29.739.000	23%
2012	100.829.000	48.043.000	48%
2011	127.096.000	55.871.000	44%
2010	86.526.000	31.980.000	37%
2009	115.377.000	40.419.000	35%
2008	75.213.500	28.170.000	37%
2007	79.594.000	31.476.000	40%
2006	69.825.139	12.188.748	17%

### 6.3. BU-midlar løyvd til søknader som involverer unge i alderen 18-35 år og kvinner

I BU-forskrifta og i nasjonale og regionale føringar har unge i alderen 18-35 år samt kvinner vært prioritet ved søknad om midlar. For alle søknader vert det registrert ulike kjenneteikn ved søkjar med ektefelle/sambuar, om prosjektet m.m. Tabell 11 viser at for 61 % av løyvde midlar i 2013 var prosjektet kvinnerrettet i meir eller mindre omfang. For 18% av midlene var søkjar og/eller ektefelle/sambuar i aldersgruppa 18-35 år. Midlene omfatter både tilskudd og rentestøtte.

Tabell 11. Løyvde midler der prosjektet er kvinnerrettet eller der det er unge under 35 år.

År	Løyvde søknader BU-midler		Kvinner		Unge 18-35	
			Løyvde beløp		Løyvde beløp	
	Kr.	Tal søknader	Kr.	% av løyvde	Tal	% av løyvde
2013	127 420 500	141	77 535 750	61%	23 145 000	18%